


## Å lære av seg sjølv og andre



Tilsyn handlar om å finne ut korleis saker og ting er i den verkelege verda, og om å vurdere det ein finn opp mot legitime krav til korleis forholda bør vere. For alle statlege tilsyn står krav fastsett i lovgjevinga sentralt. Slik er det også for Statens helsetilsyn, fylkesmennene og Helsetilsynet i fylka når vi fører tilsyn med sosial- og helsetenesta.

Vi meiner at den utkikksposten vi har som tilsyn gjev oss eit eineståande høve til å danne oss eit omfattande bilete av korleis stoda er i dei ulike tenestegreinene. Like fullt er det biletet vi får ikkje representativt for den samla tenesteytinga innanfor sosial- og helsetenesta. Biletet vårt er tydelegare der det handlar om svikt og manglar enn der forholda er bra og tenestene fungerer i samsvar med føresetnadene. Dels skuldast dette at vi prøver å prioritere tilsynsarbeidet vårt inn mot område med stor fare for svikt. Dels skuldast det at vi har til oppgåve å peike på forhold som avvik frå krava i lovgjevinga, for såleis å medverke til at slike forhold blir retta.

Der vi påviser avvik blir desse retta. Vi ser gong på gong at dei ansvarlege for tenestene som vi fører tilsyn med, gjer seg nytte av dei erfaringane vi kan melde tilbake om i deira eige styrings- og utviklingsarbeid. Dette fekk vi i 2005 også dokumentert gjennom ei evaluering gjort av fylkeslege Helga Arianson av eit av dei tidlegare gjennomførte landsomfattande tilsyna. Denne undersøkinga er nærare omtala på side 14 i dette dokumentet.

Men like fullt skulle vi gjerne sett at resultat frå tilsynet blei nytta langt breiare. Det er grunn til å stusse over at det same avviket blir påpeikt gong etter gong, ikkje i same verksemda, men t.d. i nabokommunen eller på ei anna avdeling i same føretaket. Vi trur at det vi ser og dei vurderingane vi gjer ikkje berre er nyttige for dei som har hatt oss på besøk. Vi meiner at røynslene vi rapporterer om frå tilsyna våre også kan nyttast av andre i deira eiga styring av tenestene. Difor prøver vi å gjere tilsynsrapportar og annan dokumentasjon frå arbeidet vårt breitt kjent mellom tenesteytarane i form av trykt materiale, elektronisk publikasjon og deltaking i møteverksemd m.v.

Denne Tilsynsmeldinga må lesast i lys av det som er nemnd ovanfor. Vi vonar at dei relativt korte tekstane som vi presenterer her kan gje meirsmak til å trengje djupare inn i det materiale vi presenterer frå tilsyna våre.

Statens helsetilsyn står no ved slutten av den første strategiske planperioden sidan omorganiseringa i 2002. Vi meiner sjølv at vi har konsolidert oss som reindyrka tilsyn, og såleis funne fram til eit høveleg innhald i rolla vår. Men framleis ser vi behov for ytterlegare utvikling. Vi må dyrke samarbeidet med andre statlege tilsynsorgan for å harmonisere tilnærminga til dei vi fører tilsyn med. Ikkje minst gjeld det tenestene som blir ytte av kommunane.

I og med at Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylket utgjer den operative spydspissen vår, ligg alt til rette for ei vidare utvikling på dette feltet, ikkje minst når det gjeld tilsyn med tenestetilbodet til barn og unge. Vi ser også eit auka behov for og ønskje om samhandling med tilsyn når det gjeld andre emne og sektorar, som forvaltninga av personopplysningar, arbeidsmiljø og miljøvern. Når det gjeld petroleumsverksemda, byggjer samhandlinga på ein årelang tradisjon med formalisert samarbeid, som for oss gjerne kan tene som modell for samarbeidet på andre sektorar.

Åra som følgjer vil også stille oss overfor nye, og dels ukjente utfordringar knytte til tilsyn med sosial- og helsefagleg forskning og auka aktivitet når det gjeld akkreditering og sertifisering av sosial- og helsetenester. Mykje av dette kan tenkjast å få eit tydeleg internasjonalt preg over seg. På desse felta har vi berre så vidt byrja smake på innhaldet.

Like så vel som at dette skriftet skal gje tilkjenne synet vårt på ei rekkje problemstillingar vi har møtt i 2005, vonar vi at Tilsynsmeldinga kan stimulere til auka interesse for den rolla tilsynet har. I alle høve vonar vi at meldinga skal formidle at det faktisk er både utfordrande og meningsfullt å arbeide med tilsyn i forhold til ein sektor som folk flest oppfattar å vere avgjerande for opplevinga av tryggleiken ved å bu i Noreg.

*Lars Hanssen*

Lars E. Hanssen  
helsedirektør